

## Aktuell

## Musikk som pumpar nytt liv i deg

– Når vi spelar, får vi folk til å kjenne seg svære, seier Jens Linell i gruppa Sver.

Sver sleppte sitt andre album *Fruen* denne veka og har konsert under Folkelarm-festivalen i Oslo i kveld. Bandet starta som trio og platedebuterte med *Sver* i 2008. Med to nye musikkarar frå Sverige er dei klare til å erobre eit endå større publikum med «ei musikalsk skål til festen, jentene, musikken og livet» som «pumpar liv i kvardagshjarte og gjev tilhøyrarane ein helsebringande lykkerus».

– Det er store ord, men kan de halde dei, Jens Linell?

– Absolutt. Nyleg spela vi ein konsert under ein festival i Dalarne der publikum var i ekstase i tre timar.

Linell er svensk og trommeslagar og kom med i bandet for to år sidan. «Sver» er Røros-dialekt for noko som er stort eller flott eller heftig, det mange vil kalle «svært», og den tradisjonsbaserte musikken gruppa spelar, har røter i Røros-området, der komponist, felespelar og tidlegare spellemannvinnar Olav Luksengård Mjelva har base. Her er impulsar frå andre stader også, til musikken dei skriv mykje av sjølv. Mjelva og toradarspelar Leif Ingar Ranøien har spela saman sidan 2002, gitarist Vidar Berge kom med i 2007, før svenskane Anders Hall (fele) og Jens Linell (trommeslagar) kom i 2008.

– Vi var med på ein konsert og dreia det meir i retning av akustisk folkrock, seier Linell, som no bur i Oslo.

– Korleis opplever du folkemusikken i Noreg i høve til den svenske?

– Vi har ikkje slike kappleikar som Noreg, som elles har hatt ein konservativ folkemusikktradisjon i høve til oss. I Sver er vi trygt forankra i tradisjonsmusikken, difor kan vi også leike meir med han.

– Samstundes hadde de tidleg ein «jazz på svenska»-tradisjon?

– Ja, men no er det Noreg som er på hogget når gjeld å krysse grensene mellom folkemusikk og andre uttrykk, seier Linell.

– Vi har arbeidd med *Fruen*, og det kjennest som den verkelege debuten. Musikken har den same verknaden uansett alder. Det opplevde vi også då vi spela i ei gammal kyrkje.

– I staden for ha med ein songar har gitaristen Vidar Berge skrive små tekstar i CD-heftet. Kvifor det?

– Song er ofte keisamt, mens desse tekstane som vi kallar ei form for poetisk humor, kan gje musikken ei ny djupn. Vi har også lagt mykje arbeid i omslaget, der tresnittkunstnaren Michael Offner først har laga teikningar vi har diskutert, så skore dei ut i tre og overført dei til trykk, seier Linell, som har skrive låten «Fjompem».

– Det var eit ord eg berre fann på, og så viste det seg at det faktisk tyder noko på norsk. Elles har det vore ei ære å arbeide saman med Knut Reiersrud, produsenten for plata.

Reiersrud fyrer opp den elektriske gitaren sin på slutten av siste låt. Det kan det bli meir av på neste album, vonar musikanerane.

roald@dagogtid.no



Sver mellom slaga, f.v. Vidar Berge, Anders Hall, Olav Luksengård Mjelva, Jens Linell og Leif Ingar Ranøien. Foto: Sver



Omslaget syner to sosialdemokratar i ei tid då sosialdemokratane framleis var lukkelege. Ein gong var vi alle unge.

# Museumsnasjonen Noreg sedd frå Sverige

Kva skjer når ein svenske skriv om Noreg i Sverige? Ingenting i heimlandet. Svært mykje i norsk presse.

## VOKSENÅSEN 50 ÅR

JON HUSTAD  
jon@dagogtid.no

**S**kilnaden på nordmenn og svenskar? Tja, klisjéen og kanskje sanninga var at den eine gruppa var stolte av krigen og dyrka nasjonalhistoria, medan den andre var traumatiserte av nøytraliteten og difor skulle bygga ei betre verd for alle. Slik var det i det minste før. Men når Noreg både har eit reelt, relativt og absolutt større u-hjelpsbudsjett enn Sverige, er det vel mykje som tyder på at det som ein gong var, ikkje lenger heilt er.

I alle høve, også i denne artikkelen er det krigen – som no kanskje burde skrivast «Krigen™» – som er utgangspunktet. For i år feirar kultur- og konferansesenteret Voksenåsen, den norske nasjonalgåva til Sverige, femti år og Det svensk-norske samarbeidsfondet seksti. Både tomte som ligg ovanfor Holmenkollen og bygningen var meint som ei takt til Sverige og vart overrekket av ingen ringare enn Einar Gerhardsen i 1960.

Og jamvel om både kong Haakon og kronprins Olav aldri overnatta på svensk jord etter 1940 i raseri over den kongelege svenske haldninga under den andre

verdskrigen, skulle det berre mangla at Sverige ikkje fekk ei takt frå Noreg. Landet tok imot 50.000 norske flyktningar og utdana mot slutten av krigen 13.000 norske politi – les soldatar – og gav med det eit solid tilskot til at sentralmakta og valdsmonopolet var på plass då Tyskland kapitulerte. I tillegg henta Dei kvite bussane under Folke Bernadottes leing ut 7795 skandinavar – svært mange av dei var nordmenn – av konsentrasjonsleirane. Så ja, vi har ein del å takka svenskane for.

## NYNORSK?

Men kva er stoda i dag? Kva meiner svenskane om oss og motsett, og er det framleis ein vesensskilnad i karakter og lynde mellom dei to folkeslaga? Nett det gav styresjefen ved Voksenåsen, Karl Einar Ellingsen, dei to svenskane Åren Ruth og Björn Lindal i oppdrag å finna ut. No ligg ein omfemnande antologi redigert av desse to føre: Boka som har fått tittelen *I takt og utakt. Nye historier om Norge og Sverige*, har ikkje mindre enn toogførti artiklar om temaet og med såpass ulike bidragsytarar som Jan Erik Vold og Tomas von Brömsen.

Fasiten er det vel ingen som har, men i ein oppsummerings-

artikkel fortel Arne Ruth om korleis han vart rikssvenske i Noreg og vart vald inn i representantskapet på Voksenåsen og seinare styret. I august 1980 skreiv Ruth, som då var kultursjef i *Expressen*, ein artikkelserie på sju heil-sider under vignetten «Storebror Norge». Den vart illustrert med eit lite svensk flagg som var klemt inn eit hjørne av det norske flagget. Utgangspunktet for alle artiklane var det same: «Sverige søker resurser i fjærran medan Norge sväller av olja og gas. Vi lever i skuggan av en stormakt utan at märka det.»

Kva hende? Sidan ingen andre gjer det, set vi om Ruth til nynorsk: «Mitt grandiose utspel gjekk sporlaust forbi i Sverige. Men i Noreg vart gjennomslaget særst stort. Aftenposten sende ein reporter og ein fotograf. Dagen etter var det bilete av meg i heilfigur på fyrstesida. Og heile neste veke pendla eg mellom Stockholm og Oslo for å taka del i fjernsynsordskifte – eitt med Gro Harlem Brundtland – og for å opptre i ulike samanhengar. Dei ville syna fram den underlege svensken som tok grannelandet på alvor.»

Illustrerande nok: Sune Nordgren kallar sin artikkel «En nation värd ett museum».

Sune Nordgren kallar sin artikkel «En nation värd ett museum».